

Hjorten klarte seg

28.12.2009

Det gikk tydelegvis bra med hjorten som vart påkøyrte i Ljosneslia ved 20-tida laurdag kveld. Det var ein stor og fin bukk, truleg med åtte taggar, og han tok til skogs etter samanstøyten.

Ettersøkslaget ved Sigmund Hjelmeland fann han etter stutt tid og vurderte det slik at han kom til å klara seg. Difor vart han ikkje avliva.

Sundag var Hjelmeland igjen ute for å kontrollera at alt stod bra til. Han spora hjorten og det var heller ikkje no noko som tryda på at dyret var skada. Hjorten hadde oppført seg heilt normalt, opplyser han til uskedalen.no

- Så dette er ei solskinnshistorie oppe i alle dei tragiske meldingane om påkøyrte hjortar...
- Jau, men vi får ta han til hausten, seier Hjelmeland.